



Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
75/14	Kommunestyret	06.11.2014

Etablering av kommunal tilskotsordning til fiberutbygging - Ny handsaming

Rådmannen si innstilling:

Rådmannen vel å legge fram saka på nytt med nokre presiseringar i regelverket. I tillegg er kulepunkt 2 under størrelse på tilskot teke ut av reglementet – *Tilskotet skal ikkje utgjere meir enn 50% av dugnadsverdien, (eller eigenbidrag) som tilførast prosjektet av søkjarane.*

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.11.2014

Handsaming:

Tenesteleiar Rune Larsson orienterte.

Framlegg frå ordførar: Kommunestyret godkjenner vedlagde reglement for kommunal tilskotsordning til fiberutbygging.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagde reglement for kommunal tilskotsordning til fiberutbygging.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Viser til handsaming i kommunestyre 07.10.2014 i sak PS 60/14, der kommunestyre bad om ytterlegare informasjon og korrigering av reglementet. Kommunestyre bad administrasjonen vurdere fylgjande punkt før handsaming av saka:

- Dugnad må takast og erstattast med eigeninnsats
- Administrasjonen må vurdere på ny tilskotsgrensa på 10 000,-
- Ein bør ta ei vurdering i høve næringsdrivande i reglementet
- Satsane på meterpris på grøftegraving

Rådmannen presiserer

Tilskotsgrense:

Rådmannen vel å ikkje endre tilskotsgrensa på 10 000,- då kommunen ikkje har ubegrensa med midlar som er sett av i fiberprosjektet. Då kommunestyre har i budsjett 2014 avsett 400 000,- til utbygging av fiber, ynskjer rådmannen at midlane gjennom dette reglementet å nå ut til mange av kommunens sine innbyggjarar som ynskjer fiber.

Om ein vel å take vekk tilskotsgrensa, så vil kommunen fort kunne miste kontrollen over kostnadane då dei ulike utbyggingsprosjekta varierer i pris avhengig av avstand og terreng. Det kan føre til at midlane som er avsette kun vil dekke enkeltprosjekt før ordninga må avviklast.

Næring:

Rådmannen vel å klårgjere i reglementet at ordninga **ikkje** gjeld for næringsdrivande, unnataket er gardsbruk som i denne samanheng er å rekne som husstand. Ynskjer næringsdrivande fiber, vil det vere mogeleg å søke kommunen om tilskot til utbygging. Ein slik søknad vert då handsama som eiga næringssak. Er ein slik søknad i same område som privat søknad, kan søknadane bli vurdert samla.

Satsar for eigenarbeid:

Rådmannen presiserer at satsane for eigenarbeid er sett ut ifrå ein heilheitsvurdering. Prisar for graving, legging av kablar og lukking av grøft vil variere mellom ulike anleggsverksemdar. Dei vil setje ein pris ut i frå kva slags grunn og område kabelen skal leggjast. Er det for eksempel asfalt, der dei må skjere, handtere spesialavfall(asfalt) og legge ny asfalt kan metersatsane fort doblast. Er det derimot mykje sand i grunnen, vil det vere lettare å grave i og ein vil få ein pris pr. meter som er under det kommunen har sett. Satsane som er sette er dei same som blir bruka av andre kommunar der ordninga fungerer optimalt.

Bygland, 17.11.2014

Rådmann

Vedlegg til saka:

- Særutskrift – handsaming i formannskap i sak PS 50/14 og kommunestyre i sak 60/14
- Forslag til reglement